



ULSTEIN KOMMUNE



Handlingsplan Tiltak for trygg trafikk til og frå skuleområdet i Ulsteinvik

Godkjent i kommunestyret i sak ../.. den

Framlegg til høyring

etter vedtak i kommunestyret 11.12.2025 sak nr. .../...

www.ulstein.kommune.no

1	Samandrag.....	4
2	Bakgrunn og mandat	4
3	Busstransport	5
3.1	Strekninga Sjøgata – Vikemyra – Gjerdegata – Kyrkjebakken – Sjøgata	6
3.2	Busstopp i Gjerdegata	8
3.3	Av- og påstiging bil i Gjerdegata	8
3.4	Kyrkjebakken	9
3.5	Drift.....	10
4	Elevar til skuleområdet frå Skeide, Ulstein og vestre del av Ulsteinvik.....	11
4.1	Bakkegata	11
4.2	Gjerdegata	12
4.3	Kyrkjegata	13
4.4	Osbergvegen.....	15
5	Trafikkregulerande skilt.....	15
5.1	Tidsavgrensa stenging av Bakkegata mellom Skulekrysset og Vikebakkrysset (motorvogn forbode).....	16
5.2	Parkering forbode i Kyrkjebakken	18
5.3	Andre trafikkregulerande skilt og merking	18
6	Fartsgrense og fartsreduserande tiltak	18
7	Fysiske sperringar	19
8	Snarvegar.....	21
9	Lyssetting.....	22
10	Organisatoriske tiltak	23
10.1	Hjartesone	23
10.2	Trafikktrygg kommune	25
10.3	Andre organisatoriske tiltak	25
11	Medverknad	26
11.1	Samarbeid skulane (rektorar, inspektørar, fagforeiningsrepresentantar)	26
11.2	Involvering av FAU	26
11.3	Involvering av elevråda.....	27
11.4	Offentleg høyring.....	27
11.5	Andre samarbeidsorgan	27
12	Økonomisk konsekvens	27

13	Prioritering av tiltak og framdrift.....	28
13.1	Prioritet 1:	28
13.2	Prioritet 2:	29
13.3	Framdrift.....	29
13.3.1	Vikemyra x Gjerdegata (Trillenkrysset) og droppsone	29
13.3.2	Kyrkjegata	29
13.3.3	Skiltsaker.....	30
14	Informasjon	30
15	Vedlegg.....	30

UTKAST

1 Samandrag

Administrasjonen ønskjer at følgjande tiltak vert utført for trafikktrygging av elevane sin skuleveg med hovudfokus på dei som kjem frå Osnes, Skeide, Ulstein og Flø.

Skyss:

- Forbetre tilhøva for busstrafikken i Vikemyra – Gjerdegata – Kyrkjebakken slik at barneskuleelevane kan skyssast til etablert busstopp i Gjerdegata nord for Ulstein Arena. Elevane tek seg til og frå skuleområdet frå derifrå på opparbeidd fortau eller gangveg utan å måtte krysse trafikkert veg.
- Etablere ny av- og påstiging (droppsone) ved Telebygget, adr. Gjerdegata 3, for elevar som vert køyrde eller henta med privatbil.

Kyrkjegata og Osbergvegen vert lagt til rette som hovudtrasé for elevane som kjem frå Osnes, Skeide og Ulstein.

Trafikkregulerande skilt:

- Bakkegata vert tilrådd stengt ved hjelp av skilt mellom Skulekrysset og Vikebakkrysset (Bakkegata aust) i perioden kl. 8 – 9 på skuledagar (måndag – fredag).
- Klarare skilting med tidsavgrensing for parkeringsforbod i droppsone og delar av parkeringsplass ved Ulstein ungdomsskule
- Parkering forbode på dagtid i Kyrkjebakken for å betre tilhøva for busstrafikken

Tilsette i skuleområdet kan parkere ved Ulstein Arena, på parkeringsplass mellom Gjerdegata og Ulsteinvik barneskule, og på p-plass ved Ulstein ungdomsskule. Samla parkeringskapasitet er god, styringa av bruken kan bli betre.

Det blir tilrådd etablering av såkalla hjertesone kring skuleområdet i Ulsteinvik sentrum¹.

2 Bakgrunn og mandat

¹ www.hjertesone.no

I samband med utgreiing av ulike alternativ for skulesamanslåing i Ulstein kommune 2025, har trafikktrygging vore eit sentralt tema og ein viktig premiss.

I kommunestyrevedtaket 11.9.2025 om å leggje ned Ulstein skule og overføre elevane til Ulsteinvik barneskule, var følgjande formulert:

Det vert sett som vilkår for samanslåinga at trafikktryggingssituasjonen ved skulane i sentrum er fullt tilfredsstillande frå same dato.

Kommunestyret skal ha framlagt sak der tiltaka må godkjennast, og tiltaka må sikre fullgod løysing for av og påstiging ved skuleskyss, tilfredsstillande av og påstigingssoner når foreldre/føresette leverer og hentar skuleborn og tilstrekkeleg parkering for tilsette.

Inntil det er etablert samanhengande gang og sykkelveg frå Ulstein skule til skulane i sentrum, skal det etablerast skuleskyss mellom Ulstein skule og skulane i sentrum for alle elevar som ynskjer å nytte seg av skyss i inntil 3 år.

Kommunedirektøren har etablert ei prosjektgruppe for å følgje opp mandatet som er samansett slik:

Arne Runar Vik (ARV), kommunalsjef teknisk – leiar

Anita Sundnes (ANS), leiar for plan- og bygningsavdelinga, teknisk etat

Cecile Roppen (CER), planleggar, teknisk etat

Harald Øvereng (HØ), leia for anleggs- og driftsavdelinga, teknisk etat

Vegard Ertesvåg (VER), ingeniør oppmåling/GIS, teknisk etat

Ole Terje Sukka (OTS) , Ole Terje Sukka, spesialkonsulent, oppvekst

Leiargruppa til kommunedirektøren er styringsgruppe.

Vy og Møre og Romsdal fylkeskommune er involvert som referansekontakter.

3 Busstransport

Rett til skyss på grunn av lang skuleveg er regulert i opplæringslova §§ 4-1 og 9-1

Elevane har ikkje nødvendigvis krav på skyss til og frå sjølve heimen. Det følgjer av forarbeid til lova at det må kunne krevjast at eleven går ein rimeleg distanse fram til ein oppsamlingsplass.

Elevar i grunnskulen har også rett til tilsyn i ventetida før og etter opplæringa eller skulefritidsordninga viss dei treng det.

Busstransport av barneskuleelevar må gå til busstoppen i Gjerdegata ved Ulstein Arena for å oppnå tilfredsstillande tryggleik for barn i alderen 6 – 12 år. Det er avklara med Møre og Romsdal fylkeskommune og Vy at dette kan gjennomførast for elevane frå Ulstein skulekrins under føresetnad av fysisk oppgradering av kryss m.m., jf. utgreiing og framlegg til tiltak som følgjer.

Kommunen har fått skriftleg innspel frå bebuar i Vikemyra om at skuleskyssen via buss av ulike grunnar ikkje må gå til Gjerdegata, men halde fram å nytte busshaldeplassen i sentrum.

Skyssen til ungdomsskulen vil halde fram å gå til busshaldeplassen i sentrum – i alle fall i første omgang. Skyssen av barneskuleelevar må gå til Gjerdegata slik at elevane kjem inn på fortau direkte frå bussen og kan gå på fortau heilt inn på skuleområdet (trafikkseparert areal).

Det har vore halde møte med fylkeskommunen som har ansvar for skuleskyssen og Vy som utførande transportør. Sidan det er gjort kommunalt vedtak om ekstra skyss utover regelverket, må denne delen dekkast økonomisk av kommunen. Praktisk avklaring om denne ekstra-skyssen, vil bli teken i løpet av vinter/tidleg vår 2026. Det vil bli behov for ekstra skysskapasitet om morgonen – ikkje i same grad om ettermiddagen.

Elevar som har lang skuleveg har ikkje rett til skyss til og frå SFO eller leksehjelp, men vil ha rett til skyss dei dagane dei ikkje nyttar seg av eit slikt tilbod.

Fylkeskommunen har hovudansvaret for skuleskyss når årsaka er lang skuleveg, funksjonshemming eller mellombels skade/sjukdom.

Kommunane skal betale refusjon for grunnskuleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen. Refusjonen blir berekna etter **persontakst**, som er den lågaste prisen på ordinær enkeltbillett fastsett lokalt. Fylkeskommunen har ikkje krav på refusjon for faktiske kostnader etter denne regelen. Persontakst gjeld når fylkeskommunen har ledige plassar på eksisterande ruter. Dersom nye ruter må etablerast, er refusjon etter persontakst ikkje tilstrekkeleg.²

3.1 Strekninga Sjøgata – Vikemyra – Gjerdegata – Kyrkjebakken – Sjøgata

Krysset mellom Vikemyra og Gjerdegata er utfordrande å ferdast i. Her kan nemnast:

- Skarp vinkel med Y-form som medfører vanskelege siktforhold
- Utflytande form som fører til usikker trafikantåtferd

² <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Skoleskyss/udir-2-2019-retten-til-skyss1/>

- Stort tverrfall som er utfordrande både av omsyn til manøvrering i krysset og ved glatt føre
- Høve til høg fart gjennom krysset aust – vest pga. manglande avbøying og definering
- Manglar fortau med kant
- Parkerte bilar i eller inntil krysset
- Litt «skarp» fartshump i Vikemyra vest for krysset. Dette medfører at bussane må heilt ned i fart som er ugunstig med tanke på manøvrering i krysset i følge representantar for Vy.

Fartshumpen i Gjerdegata nærast krysset (ved Trillenløa) kan vere som den er slik Vy ser det.

Aktuelle tiltak:

- Modifisere fartshump i Vikemyra nærast krysset, t.d. ved å endre den til fartspuutar der hjula til bussar (og andre større køyretøy) går utanom/mellom, jf. handbok 128 frå Statens vegvesen
- om fartsdempande tiltak
- bygge om krysset sin kurvatur og horisontalprofil, jf. regulert løysing
- justere ned tverrfallet ved å seinke vegbanen i Gjerdegata nærast krysset inkludert Geila
- heve køyrebana i Vikemyra inn mot krysset
- etablere fortau langs nordre del med kant mot køyrebana og nytt gangfelt


Tiltaka må detaljplanleggjast.

Når det likevel må gravast i Vikemyra, skal gammal vassleidning i stål skiftast ut til ny leidning i gata frå Blåhuset og gjennom krysset, og leidningar for kloakk og overvatn skal sanerast. Asplan Viak AS er engasjert til å detaljprosjektare og lage til tilbodsdokument for utlysing av entreprenørjobb.

Avhengig av val av løysing, kan det bli behov for grunnerverv på om lag 80 m² av hage på nordsida, gnr. 8, bnr. 12, og av kring 100 m² grunn til fortau av gnr. 8, bnr. 197, m.fl. Det er halde møte med dei aktuelle grunneigarane der dei har vorte orientert om prosjektet, og at grunnerverv kan verte aktuelt.

I samarbeid med teknisk etat har representant for Vy "prøvekøyr" krysset for å finne reelle sporingskurver (ytte framhjul og indre bakhjul) med 15 m lang buss. Desse viser at det er mogeleg å trafikkare krysset med buss frå Vikemyra til Gjerdegata slik krysset er utforma i dag gitt at bussen ikkje får møtande bilar imot når den kjem ut i Gjerdegata frå krysset (frå aust).

Der står tidvis parkerte bilar i krysset. Desse må bort når oppgradert fortau blir etablert i samsvar med reguleringsplan langs sørsida av gata.



3.2 Busstopp i Gjerdegata


Busstoppen vart detaljplanlagt og etablert i samband med prosjektet Ulstein Arena og stod ferdig kring årsskiftet 2017-2018. Den har kapasitet til å ha ståande tre bussar samtidig, og elevane kan gå på fortau eller gangveg til skuleområdet. Dvs. at løysinga har fullgod tryggleik for brukarane. Der er ikkje leskur.

3.3 Av- og påstiging bil i Gjerdegata


Busslomme på nordsida av Gjerdegata ved Ulstein Arena vil bli teken i bruk. Avsetjing og påstiging av elevar på sørsida av Gjerdegata ved Ulstein Arena med påfølgjande kryssing av gata er vurdert til å ikkje vere ei fullgod løysing med omsyn til trafikktrygging. Dermed bør det etablerast eit anna alternativ for dropp-sone på nordsida av Gjerdegata. Det er mogeleg å etablere slik av- og påstiging på Telebygg-tomta, gnr. 8, bnr. 3, fnr. 5. Alternative løysingar for anten langsgåande parkering eller eiga lomme går fram av kart under. Representant for festar av grunnen Telenor AS har fått oversendt alternativa til vurdering, og er positiv til å finne ei arealmessig løysing på behovet kommunen har

skissert. Det minst inngripande alternativet (alternativ 1) treng om lag 200 m² inkludert fortau frå denne eigedommen som er det tilrådde alternativet frå administrasjonen. Alternativ 2 utgjer om lag 750 m². Og det må også til dispensasjon frå reguleringsplan eller mindre planendring då der ikkje er regulert inn areal for drop-sone som skissert. Dette vert å følgje opp som eiga sak etter at prinsippet er avklart gjennom denne prosessen.

Alternativ 1



Alternativ 2



Det bør etablerast fortau langs nordsida av Gjerdegata frå krysset mot Vikemyra til Petterbakken for å etablere tryggast mogelege tilhøve for fotgjengarane. Det vil som nemnt vere behov for grunnerverv på inntil om lag 100 m² av privat hagegrunn i tillegg til minimum 200 m² frå tomte Telebygget står på.


3.4 Kyrkjebakken

Kyrkjebakken har stigningsforhold 1 : 8 og minimal utflating mot kryssa. Dette er brattare enn vegnormalane gjev føringar for. Bussane må kunne stoppe i bakken, og framfor gangfelt. I praksis må det vere svart asfalt heile året ved salting vinterstid eller hyppigare/betra snøbrøyting og langt høgare frekvens på strøing enn den praksis kommunen har i dag. Dette vil gje ein auka driftskostnad for kommunen.

Skuleskyssen køyrde til Gjerdegata fram til om lag 2015/16 med køyreretning Kyrkjebakken – Gjerdegata – Vikemyra. Det var ofte problem for busstrafikken at der stod parkerte bilar i Kyrkjebakken. Parkering på dagtid i Kyrkjebakken skjer som oftast i samband med arrangement i Ulstein kyrkje, t.d. ved gravferder. Dersom det vert skilta med parkering forbode kvardagane på dagtid og skiltinga blir handheva, bør problemet vere løyst. For trafikkregulerande skilt er Statens vegvesen skiltmynde, og framlegget må på høyring til politiet og partar som vert påverka, t.d. Ulstein sokn.

Eit noko meir omfattande og kostbart alternativ er å flytte traséen av bakken litt austover i nedre (søndre) del. Løysinga fordrar reguleringsendring eller dispensasjon og er mest aktuell å utføre når vassleidning i bakken skal skiftast – noko som bør skje i løpet av nokre få år. Skilting om parkering forbode i heile eller delar av bakken vil vere like aktuelt uavhengig av ev. omlegging.

I samband med at det i løpet av nokre år skal leggjast nye vassleidningar i Kyrkjebakken, kan det vurderast om kommunen i den samanheng bør få lagt ned fjernvarmerør for å halde bakken snø og isfri. Vurderinga må basere seg på kost/nytte.



3.5 Drift

På grunn av tverrprofilen i krysset Vikemyra x Gjerdegata (Trillenkrysset) og stigningstilhøva i Kyrkjebakken, vert det rådd til at strekninga får vinterdrift tilsvarande berrvegsstrategi, dvs. salting. Det er ikkje avklara om kommunen skal leige denne tenesta og beredskapen eksternt eller stå for dette med eige utstyr og personell. Driftskostnaden vil i alle høve auke. Alternativet til salting er høgare beredskap og kostnader til brøyting og strøing.

Strekning for skjerpa vinterdrift:



4 Elevar til skuleområdet frå Skeide, Ulstein og vestre del av Ulsteinvik


4.1 Bakkegata

Barnetrakkregistreringane viser at ein vesentleg del av gangtrafikken til og frå skuleområdet frå vestre del av Ulsteinvik går eller sykklar Bakkegata. Der er fartshumpar i gata. Bakkegata har relativt stor køyretrafikk med ÅDT om lag 1500 kjt/døgn. Vestre del av Gjerdegata og Kyrkjegata har berre nokre hundre køyretøy pr. døgn.

Fortau i Bakkegata er eit trafikksikkeringsprosjekt som ikkje har direkte samband med saka om strukturendringar i skulen fordi der frå før er stor gangtrafikk og mange vil gå der uavhengig av dette, jf. også prioritering i trafikksikkeringsplanen.

Der er nokre bustadeigedommar som ikkje har etablert tilstrekkeleg parkering på eigen grunn. Dette kan vere eit tema å ta opp i denne samanhengen.

Parkering forbode på strekningane A-B og C-D.




4.2 Gjerdegata

12

vestover til kryss med Bakkegata. Delar av gjenstående strekning vil vere utfordrande med tanke på murar og terreng.

For fotgjengarar frå vest er kryssinga av Bakkegata over i Gjerdegata utrygg. I fall det skal rådst til å nytte Gjerdegata som prioritert ferdselsåre for skuleelevane frå vest, må der til gangfelt.

Gjerdegata har lite køyretrafikk og er på den måten tryggare enn Bakkegata når fortaua i austre del kjem på plass, jf. Fagertun-prosjektet og rekkefølgekrav, men det er krevjande å få etablert fortau med tanke på murar osv. langs heile gata sjølv om dette må vere målsetting på lang sikt.



Stenging av gata i ein av endane kan vere eit tiltak som gjev betra tryggleik for mjuke trafikantar i gata, men vil føre til auka trafikk på andre delar av vegnettet og vert difor ikkje tilrådd.

Der er såpass avgrensa køyretrafikk og lavt fartsnivå i gata at det ikkje vert rådd til å skilte med parkering forbode.

Der er nokre bustadeigedommar som ikkje har etablert tilstrekkeleg parkering på eigen grunn. Dette kan vere eit tema å ta opp.

Sidan Fagertun-utbygginga held fram i alle fall ut 2026, så kan det ikkje tilrådst å føre gangtrafikken til Gjerdegata frå skulestart 2026.

4.3 Kyrkjegata

Barnetrakkregistreringane viser at svært få elevar nyttar Kyrkjegata som gang- eller sykkeltrasé til og frå skulen.

Delar av gata er blindveg og rein bustadgate.

Det bør leggjast opp til at elevane som kjem gåande på Osbergvegen skal nytte Kyrkjegata som skuleveg heilt inn til gangvegen langs vestsida av Ulstein Arena. Krysset på Reiten bør få betre




lyssetting, fotgjengarovergangen bør flyttast litt nordaustover slik at dei gåande får litt meir rettlinja trasé, og gangfeltet bør vere oppheva. Dersom det blir lagt farga asfalt for sykkel- og gangtrasé, bør den fargesettinga ha utgangspunkt i Osbergvegen slik at den er framhaldande gjennom krysset og vidare austover i Kyrkjegata. Dette vil visuelt medverke til å føre forgjengarane til Kyrkjegata.


Ved rådhuset/kyrkja mot Ulstein Arena er trafikkbiletet meir komplekst, og i Kyrkjebakken er der stor trafikk – over 1500 kjt/døgn. Fotgjengarovergangen i krysset med Kyrkjegata er eit utsett punkt - spesielt på glatt føre. Salting (berrvegsstrategi) vil avhjelpe dette i vesentleg grad, og der bør etablerast betra belysning i dette krysset.

Gata er i områdeplan for sentrum peika ut til å vere sykkelprioritert gate. Sidan gata har god breidde spesielt i vestre del mot Reiten, og har lav trafikkmengde, er der tilstrekkeleg areal til å kunne etablere ulike tiltak for trafikkseparering i tillegg til fortau og gateparkering som der er på det meste av strekninga frå Reiten og austover.

Også i Kyrkjegata er der nokre bustadeigedommar som ikkje har etablert tilstrekkeleg parkering på eigen grunn, og som bør takast opp med dei det gjeld.

Ved rådhusplenen vis-à-vis Ulstein kyrkje bør det bli slutt på 90°-parkering og endre dette til langsgåande i samsvar med framlegget til ny områdeplan for Ulsteinvik sentrum med bakgrunn i at strekninga vil kunne få fleire mjuke trafikantar der behov for rygging med bil bør minimerast.





Om kommunen vil prioriterer høgare grad av separering, kan det vere mogeleg å etablere trafikkskilje som vist på biletet under utan at det blir tilrådd fysiske tiltak som vist her.



4.4 Osbergvegen

Osbergvegen er bustadveg og blindveg, dvs. at den i dag blir nytta berre til lokaltrafikk og gang- og sykkelveg med kombinert trafikk.

I samband med planarbeidet for områdeplanen for Ulsteinvik sentrum er det vist til eit potensiale for å lage sykkelprioritert gate frå Sjukeheimsvegen til Halsesvingen. Dvs. at Saunesvegen, Bjørndalvegen Kyrkjegata og Osbergvegen kan bli sykkelprioritert gate. Sidan Osbergvegen er blindveg for køyretrafikken, og har god breidde med den trafikkmengde og –type som vegen skal ta unna, er der potensiale for å få etablert sykkelprioritert gate også for Osbergvegen. Der er også tilstrekkeleg areal til å kunne etablere fortau og gateparkering som der er på det meste av strekninga frå Reiten og austover. Eit enkelt tiltak vil kunne vere å merke i asfalten eit areal i ca. 1,5 m breidde som gangsone langs nordre vegkant.

Fartsdemparar i Osbergvegen har tidvis vore etterspurt av bebuarar langs vegen. Dette kan vere eit aktuelt tiltak.

5 Trafikkregulerande skilt

5.1 Tidsavgrensa stenging av Bakkegata mellom Skulekrysset og Vikebakkrysset (motorvogn forbode)

Det er mykje trafikk i området i perioden måndag fredag kl. 08.00 - 08.40.

Mange foreldre køyrer barna sine til skulen. Dette medverkar til å lage tidvis utfordrande trafikksituasjonar.

Der er mange arbeidsplassar i Ulsteinvik sentrum og vest for sentrum (Kongsberg-gruppen og Ulstein Group på Osneset) som gjer at det er praktisk for mange familiar i kvardagen at mange foreldre køyrer barn til skulen som del av arbeidsreisa.

Det har vore gjort mange tiltak i området over tid for å betre tilhøva – særskilt siste ti åra, jf. vedlagde analyse for området.

Frå 2016 var det vedteke stenging av del av Bakkegata mellom Skulekrysset og Vikebakkrysset ved hjelp av skilt om gjennomkøyring forbode i tidsperioden kl. 08.10 – 08.40 (skilt 306.1 motorvogn forbode) .



Skilta hadde god effekt m.a. på grunn av at politiet handheva forbodet. Før sommaren 2022 kom Statens vegvesen med melding om at skiltvedtaket ikkje var gyldig (det var vegvesenet sjølve som hadde gjort skiltvedtaket etter tilråding frå kommunen) fordi tidsavgrensing måtte vere heile timar – ikkje halve som vedteke.

Kommunen måtte difor ta ned skilta. Etter høringsrunde der stenging i tidsperioden kl. 8 – 9 fekk tilslutnad frå mange hald og vart tilrådd frå kommunalsjef teknisk, gjorde teknisk utval i oktober 2023 vedtak om at vegstrekninga skal vere open.

Elevrådet ved Ulsteinvik barneskule har i møte 19.11.2025 uttalt at det er Skulekrysset som har det største potensialet for at bilar skal kunne køyre på fotgjengarar. I tillegg viste elevrådet til at der kan oppstå farlege situasjonar ved droppsone på parkeringsplassen ved ungdomsskulen.

I møte med skuleleiinga og tillitsvalde ved Ulsteinvik barneskule og Ulstein ungdomsskule den 5.11.2025 vart det gjenteke ønske om stenging av strekninga.

I møte mellom representantar for prosjektgruppa og FAU ved Ulsteinvik barneskule 26.11.2025 var det uttrykt ein viss skepsis til stenging frå nokre av FAU-medlemmane.

Om det vert innført stenging, vil trafikken fordele seg på andre vegar. Ein del vil få ulemper ved lengre reiseveg. Teljingar frå førre stengingsperiode (1/2-time frå 08.10 – 08.40) viser at der var nokre få som valde å køyre ned Solstien (under 10 bilar pr. teljedag), og nokre fleire køyrde Gamlevegen (rundt 20 bilar pr. teljedag). Dette er vegar som ikkje eignar seg for auka trafikk. Dei andre følgde hovudvegnettet over Hovsethaugen.


Barnetrakkregistreringane, uttalar frå elevråd, skuleleiing, FAU og erfaringane med stenging i perioden 2016 til 2022 tilseier at strekninga Skulekrysset til Vikebakkrysset bør stengast måndag – fredag kl. 8 – 9, og prosjektgruppa går inn for dette. I skulane sin sommarferie bør strekninga vere open som i sist periode vegen var stengt.



Samla sett vil trafikktryggleiken betre seg når fortau langs Bakkegata vert etablert frå Reiten til Skulekrysset. Ordninga med stenging mellom Skulekrysset og Vikebakkrysset kan evaluerast etter at fortauet er teke i bruk.

Det vil bli lagt opp til betra lyssetting av p-plass ved UU, kryssområda og strekning Skulekrysset – Vikebakkrysset.

Reguleringsplanen legg opp til ei ombygging av Skulekrysset som gjer det strammare. Dette vil truleg vere eit tiltak som gjer krysset meir oversiktleg. Utfordringa er at det er regulert slik at krysset «heng i lufta», og det må byggast ein omfattande støttemur i mange meters høgde og utstrekning (opp til sju meter høgde). På noverande tidspunkt kan ikkje administrasjonen tilrå å gjennomføre den regulerte kryssløysinga.



5.2 Parkering forbode i Kyrkjebakken

Då skuleskyssen køyrde til Gjerdegata fram til ca. 2015/16, var det ofte problem for busstrafikken at der stod parkerte bilar i Kyrkjebakken som reduserte køyre- og manøvreringsarealet og hindra smidig trafikkavvikling. Parkering på dagtid i Kyrkjebakken skjer som oftast i samband med arrangement i Ulstein kyrkje, t.d. ved gravferder. Dersom det vert skilta med parkering forbode kvardagane på dagtid og skiltinga blir handheva, bør problemet vere løyst. For trafikkregulerande skilt er Statens vegvesen skiltmynde, jf. skiltforskriften, og saka må på høyring til politiet og partar som vert påverka, t.d. Ulstein sokn.

5.3 Andre trafikkregulerande skilt og merking

På Fløvegen (fylkesveg) over Vollane er der 50 km/t fartsgrense. Der er ein del gangtrafikk av skuleelevar. Og kommunen bør oppmode fylkesvegavdelinga om å etablere fotgjengarovergang her ved hjelp av skilt om gangfelt og merking.



Dropp-sone (av- og påstigning) ved Gjerdegata må skiltast som parkering forbode for å unngå at arealet vert nytta til parkering. Innspel frå FAU ved barneskulen og observasjonar tilseier at der blir parkert bilar i droppsona t.d. i samband med at foreldra følgjer eller hentar elevar på barneskulen.

For å få droppsona på parkeringsplassen ved Ulstein ungdomsskule til å fungere betre enn den har gjort så langt i skuleåret 2025 - 2026, bør der vere nokre p-plassar på dette området som har tidsavgrensa parkering slik at dei ikkje bli okkupert av tilsette frå kl. 08 - 15.30, og dermed gjere det vanskeleg å finne plass for foreldre som skal fysisk følgje eller hente elevar.

Følgjande trafikkregulerande skilting har vore omtalt, men vert ikkje tilrådd:

- Innkøyring forbode for andre enn tilsette til p-plass ved ungdomsskulen(UUS)
- Stenge p-plass ved UUS og nytte arealet til skuleområde (utearealet).
- Gjerdegata - einvegskøyrd (innkøyring forbode) frå Telebygget og austover til krysset med Vikemyra (Trillenkrysset).

6 Fartsgrense og fartsreduserande tiltak

Det er 40 km/t fartsgrense på køyrevegane i heile området utgreiinga omfattar.

Vegnormal N300 Trafikkskilt har vore på høyring i haust. I den reviderte utgåva er det føreslått at krav 11.6-3 vert slik: *SKAL - Fartsgrense 30 km/t skal benyttes på veger og gater ved skoler hvor det er krysningsbehov for barna.*

I prinsippa om Hjartesonene er det tilrådd at køyring får avgrensa fart, og sidan det i området elles er 40 km/t fartsgrense, er det naturleg at køyring innanfor hjartesonane bør avgrensast til maksimalt 30 km/t, sjå under.

Det kan vurderast om farta bør ytterlegare ned i nokre avgrensa område. Om ein t.d. skal skilte med 20 km/t fartsgrense, så må det til «harde» fartsreduserande tiltak som t.d. modulbasert fartsdempar av gummi eller gummiert materiale. Dette er førebels ikkje tilrådd som tiltak i området.

Fartsdempar i Vikemyra vest for krysset med Gjerdegata er noko «skarp» og tett på krysset. Dette medfører at bussane må heilt ned i fart som er ugunstig med tanke på manøvrering i krysset i følgje representantar for Vy. Denne fartshump kan modifierast t.d. ved å endre den til fartsputer der hjula til bussar (og andre større køyretøy) går utanom/mellom, jf. handbok 128 frå Statens vegvesen om fartsdempande tiltak.

7 Fysiske sperringar

Bak det gamle dagsenteret «Soltun» i Petterbakken er der sperring med betongblokker for å hindre gjennomkøyring via Petterbakken. Desse skal bli ståande.

På Ulsteinvik barneskule sitt uteområde er der fleire bommar for å hindre køyretrafikk.



Dersom bommen ved det nye barneskulebygget vert flytta til Petterbakken, vil det vere gunstig for å minimere køyretrafikken.

Forbodsskiltet som skal regulere køyring i Petterbakken viser seg å ha avgrensa funksjon. Ved å flytte bommen, vert grensene mellom skuleområdet og trafikkarealet klarare.

Der må vere mogeleg å opne bommen t.d. ved telefonoppringing eller fjernkontroll for HC-parkering, tenestekøyring, vareleveranse og til privat bustad.


Bommen bør vere open utanom skuletida.

Der er gjort ei eiga analyse for trafikksituasjonen i området mellom Skulekrysset og Vikebakkrysset, sjå vedlegg.

For å betre den generelle trafikktryggleiken i skuleområdet kan det vurderast om parkeringsplassen ved Ulstein ungdomsskule skal stengast av og området nyttast til uteareal for skulane (stengjast for innkøyring frå Skulekrysset). I så fall må parkeringsbehovet for ungdomsskulen stettast ved andre løysingar. Dette vert pr. i dag ikkje tilrådd å jobbe vidare med frå administrasjonen si side.

Det har vore vurdert om parkeringsplassen ved ungdomsskulen skal sperrast ved bom slik at berre tilsette kan køyre inn, men administrasjonen har vurdert det slik at ytterlegare montering av bommar/sperringar i skuleområdet ikkje kan tilråddast.

Skiltinga av dropsona med stans forbode og parkering forbode på parkeringsplassen ved Ulstein ungdomsskule kan gjerast meir forståeleg og enklare å handheve viss der blir lagt på underskilt om tidsavgrensing. Det vil også vere ein fordel om nokre av parkeringsplassane der får tidsregulering slik at dei som må parkere der og følgje born til skulen vil finne plass.




Dersom Bakkegata vert stengt mellom Skulekrysset og Vikebakkrysset kl. 8 – 9 måndag – fredag, vert der auka trafikkbelastning i Gamlevegen. Det kan vurderast om det skal innførast fysisk stenging av Holsekervegen vest for krysset med Gamlevegen både for å minimalisere køyretrafikken i Holsekervegen vestre del, hindre tilføring av trafikk til Gamlevegen ved stenginga av Bakkegata og føre meir av trafikken over på hovudvegnettet i Holsekerdalen. Ei slik stenging vil få konsekvensar for mange trafikantar og blir ikkje tilrådd frå administrasjonen førebels.


8 Snarvegar

I samband med utgreiinga om trafikktrygging ved skulane i sentrum av Ulsteinvik, har det kome innspel frå skuleleiinga ved Ulsteinvik barneskule om at det burde ha vore lagt til rette for enno større bruk av snarvegar. Nokre av stiane er gjørmete, og andre kan oppfattast som private område.

Sannsynlegvis kunne nokre av snarvegane fått auka bruk viss der hadde vorte lagt på eit grusdekke, skore ned nokre greiner, skilta eller generelt lagt noko betre til rette. Prosjektgruppa ser at snarvegar er viktige av fleire grunnar, m.a. at dei kortar ned skulevegen, og kan vere kjekkare å gå enn på asfaltert veg og fortau.

Basert på dette har det vorte utarbeidd kart over snarvegar i Ulsteinvik og på Skeide som går fram under.





9 Lyssetting

Prosjektgruppa tilrår betre lyssetting følgjande stader:

- I overgangen Osbergvegen til Kyrkjegata på Reiten
- Nedst i Kyrkjebakken for gangfelt
- I Skulekrysset
- På parkeringsplassen ved ungdomsskolen, droppsone m.m.
- I ny droppsone langs Gjerdegata v/Telebygget
- I kryss Vikemyra x Gjerdegata (Trillenkrysset)

10 Organisatoriske tiltak


10.1 Hjartesone

I trafikktryggingssplanen for 2023 – 2027 er det ei målsetting om å etablere såkalla hjartesone kring skulane i kommunen.

Hjartesone er eit tiltak starta av Trygg trafikk. Prosjektet har utvikla seg til å verte eit viktig verktøy for å betre trafikktryggleiken kring skulane rundt omkring i landet. Målet er at fleire barn skal sykle og gå trygt til skulen. Hjartesona og tiltaka vert tilpassa trafikken og forholda ved den enkelte skule. Lokalt vert det utforma felles reglar og tiltak som bidreg til mindre foreldrekøyring i nærområdet til skulen.

Det er naturleg å prioritere etablering av hjartesone kring Ulsteinvik barneskule sidan det er den som får tilført fleire elevar. I møte med representant for Trygg Trafikk 30.10. 2025 og tilhøyrande synfaring i skuleområdet, vart det opplyst at det er barneskular som får hjartesone. Men om sona vert etablert kring barneskulen i Ulsteinvik, vil den også ha effekt for Ulstein ungdomsskule.

Naturleg avgrensing av hjartesone kring Ulsteinvik barneskule vil vere som vist på kartet under. Grøn markør viser skiltplassering om hjartesone.



Følgjande fysiske tiltak bør ideelt sett kome på plass:

- Forbetra av- og påstiging for bilar i Gjerdegata, jf. Telebygg-tomta, Gjerdegata vert grense for hjertesone frå sør
- Snuplass i Bakkegata vest for skulen med fortau til Skulekrysset, avstand ca. 120 m, på kommunalt eigd grunn
- Betra forhold for å setje av elevar på nordsida av Skulekrysset – løysing litt avhengig av skiltsak om stenging av Bakkegata

For å gjere det klart for trafikantane at merksemda må vere på topp ved at ein køyrer inn i ei hjertesone, kan merkinga vere som vist på biletet under.



Merking som vist er relativt kostbar. Asfalten må vere relativt bra der det skal merkast, så nokre stader må det til ny asfalt før merking.

Det er viktig å opplyse om hjertesona også ved skilt som vist under.



10.2 Trafikktrygg kommune

Trygg Trafikk har etablert ei sertifiseringsordning i samarbeid med fylkeskommunane som heiter Trafikksikker kommune³.

Godkjenningsordninga er eit organisatorisk tiltak for å systematisere og samordne trafikktryggleiksarbeidet i kommunane. Godkjenningsordninga medverkar til å sikre at kommunen arbeider systematisk med trafikktryggleik. Det ligg føre ein rettleiar for korleis få godkjenning som nemnt.

I gjeldande trafikktryggingsplan er det gjort vedtak om at kommunen skal verte godkjent som Trafikksikker kommune i løpet av planperioden 2023 – 2027. Ordninga er uavhengig av prosjektet om trafikktrygg skuleveg ved samanslåing av skular, men det vil vere fornuftig å jobbe for å bli trafikksikker kommune når det likevel er auka merksemd om dette temaet i lokalsamfunnet.

10.3 Andre organisatoriske tiltak

Der er etablert ein nasjonal kampanje i regi av Barnas miljøorganisasjon – miljøagentene som er kalla Beintøft-kampanjen⁴. Denne har m.a. barneskulane på Hareid teke del på med tilhøyrande medieomtale. Dette kan vere ein god metodikk for å få elevar og føresette til å setje auka fokus på å gå og ev. sykle til og frå skule.

Det er viktig at trafikktryggleik er tema i skulen, særskilt i starten av skuleåret hjå elevane og ved foreldremøte. Også i tida like etter haustferien er dette viktig då det vert mørkare morgonar, og vêrtilhøva kan påverke skyss- og trafikkmønsteret.

³ <https://www.tryggtrafikk.no/trafikksikker-kommune/>

⁴ <https://beintoft.no/>

Trafikkvakter eller foreldrestyrte følgeordningar/gågrupper kan vere ei vesentleg hjelp for å trygge og organisere trafikken på ein betre måte enn i dag. Det er mange måtar å organisere ei slik ordning på, t.d. etter prinsippa til «bikebus»⁵, så det bør utgreiast nærare. Eit alternativ er å plukke ut nokre punkt eller område der elevane kjenner seg utrygge, og plassere ut foreldrevakter der.

Informasjon og oppmodingar til skulen sine tilsette om å gå/sykle til arbeid, kvar dei bør parkere og parkeringsrutine, vil også vere eit viktig tiltak.



Figur 1: Foto <https://bikebus.world/>

11 Medverknad

11.1 Samarbeid skulane (rektorar, inspektørar, fagforeiningsrepresentantar)

Det har vore halde fellesmøte med leiinga og fagforeiningane ved Ulstein skule, Ulsteinvik barneskule og Ulstein ungdomsskule den 5.11. Det kom mange gode synspunkt og innspel under møtet.

11.2 Involvering av FAU

Representantar for prosjektgruppa har teke del på møte med FAU ved skulane der trafikale utfordringar var tema.

Ulstein skule – møte 18.11.

Ulsteinvik barneskule – møte 26.11.

Ulstein ungdomsskule – møte 08.12.

FAU ved skulane er viktige samarbeidspartar for dette tema.

⁵ <https://bikebus.world/>

11.3 Involvering av elevråda

Prosjektgruppa har teke del på møte med elevråda slik:

Ulstein skule – møte 19.11.

Ulsteinvik barneskule – møte 19.11.

Ulstein ungdomsskule – møte 09.12.

11.4 Offentleg høyring

Etter handsaming av saka i kommunestyret 11. desember 2025 vert rapport m/vedlegg sendt på høyring og offentleg ettersyn før ny handsaming og konklusjon etter høyring.

Framlegg til skiltplan blir også ein del av høyringa.

11.5 Andre samarbeidsorgan

Det har vore halde møte og synfaring med fylkeskommunen v/FRAM og busselskapet Vy. Desse legg vesentlege premisser for busstransporten og trafikkavviklinga i Vikemyra - Gjerdegata og Kyrkjebakken.

Administrasjonen har hatt møte med lokalt politi som er viktig samarbeidspartnar. Politiet kan medverke til informasjon og haldningsskapande arbeid. Dessutan er politiet rådgjevar knytt til innføring og handheving av trafikkregulerande skilt, t.d. bruk av tidsavgrensing på trafikkregulerande skilt, allmenn og juridisk forståing av skilt.

Representant frå Trygg Trafikk Møre og Romsdal har vore på møte og halde synfaring på sentrale delar av trafikk- og parkeringsareal i lag med prosjektgruppa.

12 Økonomisk konsekvens

I framlegget til budsjett- og økonomiplan for perioden 2026 – 2029 er det frå kommunedirektøren tilrådd å løyve 11,25 mill. kroner inkl. mva. til trafikktryggingstiltak. Framlegget er i hovudsak knytt

opp imot behova for trygging av trafikantar til og frå skulane i Ulsteinvik sentrum inkludert tilrettelegging for busstrafikken.

Tabell over tiltak og budsjetterte kostnader:

Pri	Tiltak	Stad	Kategori	Kostnad eks. mva
1	Stenge del av Bakkegata kl. 08-09	Bakkegata	Skilt	20 000 kr
1	Betre lys i nedste del av Kyrkjebakken	Kyrkjegata	Lys	60 000 kr
1	Merke opp "fortau" + kjegler, sykkelbane	Kyrkjegata vest		500 000 kr
1	Betre lys droppsone	UUS	Lys	120 000 kr
1	Redusere midtrabatt parkeringsplass	UUS		100 000 kr
1	Betre lys Reitenkrysset	Reiten	Lys	60 000 kr
1	Flytte bom Petterbakken	Petterbakken		60 000 kr
1	Hjartesone, skilting, asfaltmerking m.m.			400 000 kr
1	Droppsone Gjerdegata	Gjerdegata	Fysisk tiltak	1 100 000 kr
1	Korttidsparkering delar av p-plass UUS	UUS, Kyrkjeb.	Skilt	40 000 kr
1	Kryssutbetring Gjerdegata/Vikemyra - buss	Gjerdegata	Fysisk tiltak	3 500 000 kr
1	Merke asfalt m/droppsone UUS	UUS		40 000 kr
1	Fartsdemparar og merking av gangsone	Osbergvegen	Fysisk tiltak	150 000 kr
1	Overbygd sykkelstativ	UBS/UUS		400 000 kr
Sum pri 1				6 550 000 kr
2	Fortau Bakkegata	Bakkegata	Fysisk tiltak	14 000 000 kr
2	Omlegging søndre del av Kyrkjebakken	Kyrkjebakken	Fysisk tiltak	1 500 000 kr
Sum pri 2				<u>15 500 000 kr</u>

Administrative ressursar som prosjekt- og byggeleing, grunnnerv og omkostningar er ikkje teke med i kostnadstala over.

Viss Bakkegata mellom Skulekrysset og Vikebakkrysset ikkje blir stengt med skilt, vil det vere behov for å kunne snu med bil lenger vest i Bakkegata. Ved regulert kryss til framtidig ny tilkomst til Solstien, kan det etablerast ny droppsone og snuplass. Dette vil vere eit noko kostbart tiltak med ny lomme, fortau, lys og støttemurar.

13 Prioritering av tiltak og framdrift

13.1 Prioritet 1:

- Tiltak Vikemyra – Gjerdegata – Kyrkjebakken som skal gje betra trafikkforhold og -avvikling inkludert forbetring for busstrafikken og av-/påstigingssone (droppsone).
- Tiltak Kyrkjegata for å trygge dei mjuke trafikantane frå vest
- Trafikkregulerande skilt
- Hjartesone kring Ulsteinvik barneskule
- Tiltak i Osbergvegen – fartsdemparar, merking av gangsone, ev. parkering forbode på den eine sida.

13.2 Prioritet 2:

- Fortau Bakkegata og tiltak i vestre del av Gjerdegata
- Omlegging av søndre del av Kyrkjebakken mot kryss Kyrkjegata

13.3 Framdrift

13.3.1 Vikemyra x Gjerdegata (Trillenkrysset) og droppsone

Konsulentfirmaet Asplan Viak as er hyra inn for å prosjektere tiltak i Vikemyra og Gjerdegata aust. Det er avtalt at prosjekteringa skal vere utført slik at entreprenørjobben kan lysast ut på anbod før jul med frist for entreprenørar til å levere tilbod i månadsskiftet januar – februar 2026.

12. februar 2026 vert det lagt opp til kommunestyrevedtak om tiltaka i desse gatene. Deretter vert det inngått kontrakt med entreprenør, formell godkjenning og oppstart i felt primo mars med ferdigstilling til sommarferien 2026.

Grunnerverv må gå parallelt med desse prosessane.

13.3.2 Kyrkjegata

Forbetra lyssetting av kryssa på Reiten og ved Ulstein kyrkje kan tingast om tiltaka får politisk tilslutnad etter høyring.

Det vert jobba parallelt med detaljplanlegging av tiltaka i gata.

Sidan der er ein del merking i asfalt av gata, så bør dette arbeidet gjerast i perioden april – juli.

Planlagde tiltak er i all hovudsak på veggrunn der kommunen er eigar, så grunnerverv er i utgangspunktet ikkje ei oppgåve her.

13.3.3 Skiltsaker

Dei trafikkregulerande skilta om motorvogn forbode, parkering forbode, forbode for alle køyretøy og ev. andre liknande skilt, vert sende til Statens vegvesen for skiltvedtak etter politisk tilråding i kommunen. Montering må tilpassast både framdrift på fysiske tiltak og kva som er praktisk og fornuftig.

For skilta kommunen har fullmakt til å setje opp, som fartsgrense- og fareskilt m.fl., så må montering tilpassast dei tilhøyrande fysiske tiltaka og når det synest fornuftig og passar arbeidsmessig. All vedteken skilting knytt til denne utgreiinga bør vere montert til skulestart 17. august 2026.

14 Informasjon

Det kan bli omfattande endringar i køyremønster, skilting, tilrådde gangtraséar, fysiske sperringar osv. Det er viktig at det vert gjeve informasjon om tiltaka. Det er naturleg at involverte fagavdelingar samarbeider med kommunikasjonsavdelinga for å få fram budskapet i fleire kanalar slik at alle som ferdast i skuleområdet har fått kjennskap til korleis trafikkavviklinga i området kan optimaliserast – særskilt i tidsperioden kring skulestart om morgonane. Informasjonen må gjentakast over tid.

15 Vedlegg

- Tryggleiksvurdering av Bakkegata – Gjerdegata – Kyrkjegata datert 26.11.2026
- Analyse av området ved Skulekrysset datert 26.11.2026